



HARDANGER OG VOSS  
**MUSEUM**

# **Samlingsplan**

## 2022–25

Vedteken av styret  
23.2.2022

## Innhald

1 Tiltak 2022–25 .....	3
Del 1 Bakgrunn og føremål .....	4
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Mål.....	4
1.3 Definisjonar.....	4
1.4 Overordna dokument og ressursar .....	5
1.5 Nærskylde tiltak .....	6
Del II Samlingsarbeidet ved HVM.....	8
2.1 Korleis samlingane har vakse fram .....	8
2.2 Materiell kulturarv .....	10
2.3 Immateriell kulturarv .....	10
2.4 Praktisk samlingsarbeid .....	11
2.4.1 Innsamling generelt .....	11
2.4.2 Passiv innsamling.....	13
2.4.3 Aktiv innsamling.....	13
2.4.4 Bøker .....	13
2.5 Registrering av gjenstandar .....	14
2.6 Magasin .....	15
2.6.1 Rutinar i magasina.....	16
2.6.2 Fellesmagasin fylket.....	16
2.7 Konserveringsarbeid .....	16
2.8 Prioritering i samlingane.....	16

## 1 Tiltak 2022–25

Svært mange av desse tiltaka står uendra frå den førre samlingsplanen. Det er dels av di dette er oppgåver som alltid er aktuelle, men det er òg eit uttrykk for at samlingsarbeidet ikkje er høgt nok prioritert i HVM.

- \* Etablere inntakskomitear ved alle avdelingar, og laga retningsliner for desse.
- \* Årlege møte for inntakskomiteane
- \* Avklara kva temaområde HVM skal ha ansvar for i ny samlingsplan for Vestland
- \* Gjennomføra ReOrg i magasinet ved Voss folkemuseum (VFV)
- \* Auke registreringar av gjenstandar (unntatt foto) frå 69 til 80 % i Primus (eit registreringsprogram for gjenstandar, foto, bøker, bygningar, m.m.)
- \* Levera gjenstandar til fellesmagasinet på Salhus minst éin gong årleg.
- \* Nytt ekspertisen frå tilsette ved Museumssenteret i Hordaland (MuHo), Salhus
- \* Innføra IPM (Integrated Pest Management) i heile organisasjonen, som eit verkemiddel for å unngå skader på gjenstandar
- \* Utarbeida oversikt over magasin- og lagerkapasitet og -behov, og HVM vurdere felles lagerfasilitetar for gjenstandar opp mot fellesløysing i Vestland.
- \* Utarbeida oversikt over privatarkivmaterialet ved HVM.
- \* Utarbeide oversikt over uregistrerte gjenstandar ved HVM og gjennomføre registrering av desse.
- \* Auke registreringar av foto frå 27 til 35 % i Primus
- \* Ha fullført registreringa av folkemusikkarkivet i registreringsprogrammet Fiol (status er 80 %)
- \* Konvertera registreringane i Fiol til eit arkivprogram med publiseringshøve, felles for alle folkemusikkarkiva.
- \* Bidra til samtidsdokumentasjon og innsamling av folkemusikk saman med Hardanger spelemannslag.
- \* Få opplæring i Asta, eit registreringsprogram for arkivmateriale
- \* Få registrert minst fem hyllemeter arkiv i Asta
- \* Få laga ei liste som syner dei ulike handlingsborne arbeidsområda, handverka og arbeidsteknikkane museet ynskjer å vidareføra/tradera.
- \* Utarbeida rutinedokument for korleis me best kant vidareføra handlingsboren kunnskap.
- \* Grundig dokumentasjon av eitt handverk kvart år.
- \* Aktiv oppsøking av tradisjonsberarar og forpliktande kursing for å læra og utøva utdøyande arbeidsteknikkar.
- \* Framleis vera aktive i beredskapsgruppa, og på fagdagar arrangerte av MuHo.
- \* Utarbeida plan for vedlikehald og istandsetjing av dei antikvariske bygningane.
- \* I større grad drive aktiv samlingsforvaltning, dvs. aktiv innsamling og avhending i tråd med planar og kartlagde behov. For at dette skal kunne gjennomførast må ein oppdatera vedtekter og avtalar med eigarane av samlingane slik at det er råd å drive aktiv samlingsforvaltning.

# Del 1 Bakgrunn og føremål

## 1.1 Bakgrunn

Dei fire grunnleggande arbeidsområda til museum er forvaltning, forskning, formidling og fornying, og i tidlegare stortingsmeldingar om museumsdrift var desse stikkorda brukte. I den nye stortingsmeldinga *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid* (2021), er dei fire F-orda erstatta med desse fem måla:

- \* Solid kunnskapsproduksjon
- \* Relevant formidling
- \* Heilskapleg samlingsutvikling
- \* Trygg ivaretaking
- \* Aktiv samhandling

Alle desse er viktige, men meir enn noko anna er det forvaltninga av gjenstandar og bygningar som gjer eit museum til eit museum. Dei andre arbeidsområda er det mange andre som driv med, men musea er dei einaste som arbeider systematisk, langsiktig og profesjonelt med samlingsforvaltning. I strategisk plan for HVM 2018–22 står det at museet må auka innsatsen på dette feltet, og samlingsforvaltning vert omtala som eit prioritert område i museet.

ICOM, International Council of Museums, gav i 1986 ut den fyrste versjonen av *ICOMs museumsetiske regelverk*. I den siste revideringa, frå 2004, står det at «Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger», og at «ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres».

Ein viktig ressurs for alle som arbeider med samlingar på norske museum er nettstaden [samlingsnett.no](http://samlingsnett.no). Den er utvikla av Musea i Sør-Trøndelag, og kjem med gode råd til alle sider ved samlingsarbeidet. Der er det mellom anna samla planar frå nokre museum. Det gjennomgåande namnet for planane er samlingsutviklingsplan. Nokre har eigne innsamlingsplanar, nokre har dokumentasjons- og innsamlingsplanar. For HVM, som bruker små ressursar på dette arbeidet, er det mest tenleg å berre ha éin plan. Me har valt å halda på namnet *samlingsplan*.

Dette er den andre samlingsplanen til HVM. Den fyrste planen vart vedteken av styret 12. juni 2018. Planen er utarbeidd av ressursgruppa for forvaltning, og deretter drøfta i leiargruppa før den endelege styrehandsaminga.

## 1.2 Mål

Planen skal presentera status for samlingsarbeidet, identifisera uløyste oppgåver, koma med framlegg til løysingar, sikra framdrift, og gjera kunnskap og røynsler mindre personavhengige. For den immaterielle kulturarven skal det arbeidast for at denne vert tradert på best mogeleg vis. Det er eit overordna mål at ved HVM skal samlingsarbeidet, både den materielle og den immaterielle kulturarven, løftast opp og verta ein meir sentral del av det daglege museumsarbeidet.

## 1.3 Definisjonar

Arbeidet med ein samlingsplan for Vestland er i gang, og skal etter planen vera ferdig rundt årsskiftet 2022/23. I *Samlingsplan for musea i Hordaland* (2015) vert samlingsforvaltning definert som

det strukturerte og planmessige arbeidet med samlingane til eit museum. Dette arbeidet kan delast inn i fire område – **samlingsutvikling, dokumentasjon, tilgjengeleggjering** og **bevaring**. Desse omgrepa og områda er nøye presenterte i samlingsplanen frå 2015, og vert difor berre kort presenterte her. *Samlingsplan for musea i Hordaland* er tilgjengeleg på internett: <https://dms-cf-06.dimu.org/file/032yizGHqxDb>

\* Samlingsutvikling: Dei prosedyrane me har for innsamling og avhending.

\* Dokumentasjon, materiell kulturarv:: Registrering digitalt, fotografering eller filming, innhenta kunnskap om og vurderer tilstanden av gjenstanden. Til dokumentasjonen høyrer både skildring av gjenstanden, og informasjon om proveniensen (forhistoria) til gjenstanden.

\* Dokumentasjon, immateriell kulturarv: Registrering digitalt, fotografering eller filming, intervju med tradisjonsberar.

\* Tilgjengeleggjering: Digital publisering, til dømes på Digitalt museum

\* Bevaring, materiell kulturarv: Lagring, oppbevaring og konservering.

\* Bevaring, immateriell kulturarv: Tilrettelegging for kontinuerleg praktisering av faga, utøving av tradisjonelle handlingsmønster, verktøybruk og arbeidsteknikkar.

Denne samlingsplanen omhandlar arbeidet med både den materielle og den immaterielle kulturarven. Med **gjenstandar** meiner me fysiske objekt som museet har kjøpt eller fått, som me har forplikta oss til å ta vare på, og som me dermed har råderett over. Dette inkluderer gjenstandar som enno ikkje har fått samlingsnummer. Når me i denne planen skriv om **fotografi**, tenkjer me på kulturhistoriske fotografi, som får nummer i samlingane våre, og fotografi som dokumenterer handverk me arbeider med. Fotografi som viser annan aktivitet ved museet vert haldne utanfor. I denne planen vert **arkiv** brukt om arkiv me har teke mot frå andre, me inkluderer altså ikkje arkivet til museet. Omgrepet **immateriell kulturarv** vert brukt om den handlingsborne kunnskapen musea tek vare på gjennom det daglege arbeidet, og handverk me dokumenterer andre stader. Dette inkluderer fagområde, handverk og arbeidsteknikkar museet har forplikta seg til å føre vidare.

Hardanger og Voss museum eig eller har tilsyn med 152 bygningar, av dei er 133 antikvariske. I denne planen står det ingenting om behovet for vedlikehald og istandsetjing av desse bygningane. Ein slik plan bør utarbeidast i planperioden.

## 1.4 Overordna dokument og ressursar

Musea i Noreg er sjølvstendige einingar, men arbeider etter lokale, regionale, nasjonale og internasjonale føringar.

*ICOMs etiske regelverk* vart altså fyrste gong vedteke av ICOM-kongressen i 1986. Dokumentet vart endra i 2001, og revidert i 2004. Dette heftet gjev internasjonale retningslinjer for alle sider ved museumsarbeidet, og alle norske museum har forplikta seg til å arbeida etter desse retningslinjene. Styret i HVM går gjennom desse retningslinjene annakvart år, og dei tilsette ved alle avdelingane får òg oppfrisking med jamne mellomrom.

Stortingsmeldinga *Musea i samfunnet. Ting tar tid* (St.meld 23, 2020–21) presenterer status for norske museum, og gjev tilrådingar i det vidare arbeidet. Samlingsarbeid er nemnt i alle kapitla i planen, men kapittel 7 (Heilskapleg samlingsutvikling) og kapittel 8 (Trygg ivaretaking) er dei aller mest relevante, saman med statistikkdelen til sist i meldinga.

*Samlingsplan for musea i Hordaland 2015–2020* legg føringar for arbeidet med samlingar ved dei ti konsoliderte musea i fylket. Planen bruker omgrepet *samlingsutvikling* som eit samleomgrep

for alt arbeidet med samlingar – innsamling, konservering og prioritering. Planen legg opp til ei tematisk fordeling mellom musea i fylket. Bakgrunnen for det er at alle musea slit med overfylte magasin, som til ei viss grad inneheld identiske samlingar. Får dei ulike musea ansvar for eigne tema, vil me unngå dette, og dermed samla sett få betre samlingar. Kwart museum vil stå fritt til å ta mot alt dei får spørsmål om, men dei kan senda gjevar/seljar vidare til museet som har hovudansvar for dei ulike fagfelta.

Planen konkluderer ikkje med kva fagområde kvart museum skal ha ansvar for, men ei arbeidsgruppe sett saman av representantar for museum med regionalt ansvar kom med framlegg om at HVM skal ha ansvar for moderne jordbruk, sport og friluftsliv, folkemusikk, fruktdyrking, og vidaregåande skular. Der kan vera område denne gruppa ikkje har teke i fordelinga si.

Denne planen vert erstatta av ein ny samlingsplan for heile Vestland. Arbeidet med denne planen har så vidt teke til, og planen skal vera ferdig hausten 2022.

*Retningslinjer for avhending* [2015] er gitt ut av Kulturrådet og er skriven av Heidi Seilfaldet, som til dagleg arbeider ved Museumssenteret i Hordaland (og som ikkje er kreditert for arbeidet). Heftet er ein konsekvens av at det er fulle museumsmagasina over heile landet, og av at mange museum ikkje har god nok kunnskap om kva dei faktisk har. Heftet tek opp spørsmål knytt til prioritering og avhending, og kjem med framlegg til korleis dette kan gjerast.

*Vurdering av samlingar* (2016) er òg gitt ut av Kulturrådet, og er kreditert til Haugalandsmuseene (der Grethe Paulsen Vie har hatt ei sentral rolle). Dei har prøvd ut to metodar for å vurdera samlingar, den australske Significance og den nederlandske Assessing Museum Collections – Collection valuation in six steps, og har deretter utforma ein modell som kan brukast i norske samlingar.

*Standard for samlingsforvaltning. Spectrum 4.0* kom i norsk omsetjing i 2016. Spectrum er utvikla i Storbritannia, og «skal gjenspeile en felles forståelse i museene av god samlingsforvaltning». Her er det detaljerte retningslinjer for kvar av dei ulike prosessane ein museumsgjenstand går eller kan gå gjennom, som mottak, registrering, konservering eller innlån/utlån. Mange museum har teke desse i bruk; i HVM har me ikkje kome så langt.

Nettstaden [samlingsnett.no](http://samlingsnett.no) er nemnt over. Den er altså utvikla av Musea i Sør-Trøndelag, og gjev gode råd til alle museumstilsette som arbeider med samlingar.

Internt i HVM er strategisk plan overordna dei andre plandokumenta. I gjeldande strategisk plan er dette dei overordna måla for samlingsarbeidet:

- \* HVM skal samla inn, bevare, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar.
- \* HVM skal driva ein restriktiv innsamlingspolitikk.
- \* HVM skal forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering.
- \* HVM skal forvalta og utvikla kulturhistoriske bygg og anlegg slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå.

## 1.5 Nærskylde tiltak

Fellesmagasinet for alle musea i Hordaland ligg i Salhus, ved Museumssenteret i Hordaland. HVM har ikkje vore spesielt flinke til å levera gjenstandar dit. Gjenstandar som vert flytta til Salhus skal ha ENRI-standard, dei skal altså ha eineståande nasjonal eller regional interesse.

Tilsette ved MuHo har tilsyn med gjenstandane, og dei tilbyr årleg eit eller fleire høgst relevante kurs. Dei kan òg nyttast som rådgjevarar i spørsmål knytt til samlingsforvaltning.

Magasinet på Salhus er i ferd med å fyllast, og ei arbeidsgruppe har laga planar for å laga eit nytt og større magasin. Ei eventuell fullføring av eit slikt magasin ligg nokre år fram i tid. Også etter fylkessamanslåinga er det tanken at eit fellesmagasin skal vera for musea i Hordaland; musea i Sogn og Fjordane er i gang med sitt eige.

HVM møter jamleg i samlingsrådet for Vestland, der alle dei konsoliderte musea er representerte.

HVM har samarbeidsavtalar med åtte eigarar, som framleis har eigeomsretten til samlingane ved musea. Gjenstandar museet har teke inn etter 2011 er eigde av HVM, med unntak av gjenstandar som anten er leverte inn til Voss folkemuseum, eller som det knyter seg særavtalar til.

Det er altså slik at samlingane ved HVM i hovudsak er eigd av eigarstyra. Dei treng ikkje informerast om det daglege arbeidet med gjenstandane, men når me kjem så langt i samlingsarbeidet at me kan ta til med prioritering som medfører avhending, må eigarstyra takast med på råd. Vedtektene deira opnar ikkje opp for at gjenstandar kan gå ut av samlinga. I vedtektene for eigarstyret ved HFU står det at «sal eller byte av ting kan berre skje når styret godkjenner det», medan vedtektene for eigarstyret på Voss seier at «museet sin samlingar kan ikkje avhendast». For Granvin bygdemuseum sin del står det ingenting om avhending av samlingane, men det står greitt at det er heradet som eig både bygningar og gjenstandar. I vedtektene til VFV står det

Det vert difor tilrådd at HVM lagar avtalar med eigarstyra om at samlingsarbeidet kan medføra avhending, og at det er museet som avgjer når dette er aktuelt.

## Del II Samlingsarbeidet ved HVM

Hardanger og Voss museum er sett saman av avdelingane Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernssenter (HFS), Hardanger Folkemuseum (HFU), Ingebrigt Vik museum, Kabuso, Kvam bygdemuseum og Voss folkemuseum. Museet har store kulturhistoriske samlingar. Ved folkemusea og bygdetuna er det samlingar av gjenstandar frå bygdekulturen. Ved HFS er det samla gjenstandar frå maritime miljø, medan det ved Ingebrigt Vik museum er ei samling verk av skulptøren Ingebrigt Vik. Kabuso har ikkje egne samlingar.

### 2.1 Korleis samlingane har vakse fram

Dei fyrste åra etter opprettinga av Hardanger Fartøyvernssenter i 1984 (namnet den gongen var Stiftinga Hardangerjakt av 1884) hadde stiftinga ei litt tilfeldig innsamling av dei mindre klinkbygde båtane, samt tilfar og reiskap knytt til småbåtkulturen. Båtane vart lagra på ulike plassar i naust og løer. Ein del gjenstandar har vore tatt inn og lagra på HFS ettersom bygningsmassen har blitt utvida. Dei fyrste åra vart båtane i stor grad lagt til samlinga etter tilbod frå privateigarar og via tilsette som kom over interessante objekt. Frå 1990-åra vart innsamlinga avgrensa til båt-typar som typisk vart bygde i Hardanger og lett- og livbåtar til den verneverdige flåten. I 2016 vart båtane samla i magasin i Kulturnaustet. I samband med oppbygginga av magasinet vart det gjort ein gjennomgang av båtane og nokre mindre gode eksemplar som vart avhenda.

Med unntak av hardangerjakta Mathilde (til museet i 1984) har samlinga av dei større fartøya kome til litt tilfeldig. Det har vore ei føring at fartøya skal ha tilknytning til Hardanger-regionen.

Fiskekutter Vikingen (1986) kom som gåve gjennom båtbyggjarlærling Ove Losnegård. Faun (1993) kom til som gåve (kjøpesum kr 1 frå Trond Eide i Porsgrunn. Faun er bygd i Bergen, har ingen historikk frå Hardanger-regionen og er såleis eit unntak. MF Folgefonn (2010) kom til særleg på bakgrunn av engasjement frå fartøyvernar og HSD-entusiast Viggo Nonås, Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune.

Fartøyvernavdelinga har dei siste åra samla inn ein heil del gjenstandar, og då spesielt riggdeler, med tanke på forskning. Ein del av desse gjenstandane er bevisst haldne utanfor «museumssamlinga», da me har vurdert det som viktigast å plukka gjenstandane frå kvarandre, for å sjå korleis handverket er gjort, i staden for å sjå den ferdige gjenstanden. Det me finn vert dokumentert, og dokumentasjonen vert brukt i det daglege arbeidet ved HFS.

Hardanger folkemuseum vart stifta i 1911 og ein tok til med å samla gamle gjenstandar frå bondekulturen i området. Stiftarane såg at samfunnet var i endring og dei ville samla lokalproduserte og unike gjenstandar som dei såg vart erstatta av fabrikkproduserte gjenstandar frå inn og utland.

Folk frå styret i museet reiste rundt på gardane og samla inn gjenstandar dei fekk tilbod om. Noko vart også kjøpt på auksjonar. Seinare overtok museet testamentariske gåver og dødsbu. Det var ikkje nokon kvalitetskontroll på kva gjenstandar som fekk museumsnummer. Det som var viktig var at det auka i museumsprotokollen. Fleire tusen nummer i museumsprotokollen er gamle dokument, aviser, tidsskrift, vekeblad og ikkje minst gamle bøker. Særleg er det mange



gamle religiøse bøker. Frå skular som vart nedlagde tok museet imot undervisningsplansjar og skulebøker.

Museet fekk tilbod om gamle hus som gjekk ut av bruk og som eigarane ville kvitta seg med. Museet tok imot husa og fekk sett dei opp på eit kommunalt område på Utne. Husa vart brukte som utstilling og magasin. Etterkvart som samlingane vaks vart det behov for magasin. Men det vart ikkje bygt noko magasin før administrasjonsbygget kom i 1974, og i 1987 vart museet utvida med eit stort magasin.

HFU har mange store gjenstandar som står rundt i hus og løer. Vi leiger i tillegg deler av eit gammalt fruktlager der vi lagrar båtar, møblar og andre store gjenstandar. For desse gjenstandane er lagring, merking og registrering mangelfull.

Bernhard Greve sine samlingar på Skredhaugen med hus og gjenstandar vart kjøpt av HFU i 1974. Her er det ikkje magasin, mest alle gjenstandar er plassert i dei gamle husa, berre tekstilgjenstandane er flytta til magasin på Utne

Ingebrigt Vik museum vart teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker i 1932 og bygget stod ferdig i 1934. Ingebrigt Vik (1867–1927) testamenterte samlinga av eigne verk til Øystese ungdomslag, som fekk reist museet. Samlinga på rundt 400 objekt er ei nær komplett samling av objekta han laga i karrieren, sett saman av teikningar, ulike skisser i råleire og gips og som ferdige figurar og relieff i gips og bronse samt nokre få i marmor. Samlinga vert tidvis utvida med einskilde gåver og innkjøp av objekt som ikkje finst i samlinga frå før. Her er ikkje systematisk plan for innkjøp.

Ingebrigt Vik var aktiv som kunstnar frå rundt 1900, og han skapte fleire av hovudverka sine i Paris og i Oslo. Mange av skulpturane vart kjøpt inn av museum både på kontinentet og i heimlandet og han blei tildelt fleire medaljar og prisar. I Noreg vart han ein kunstnar med stor innflytelse, t.d. sat han i Nasjonalgalleriets råd og jury, var medlem i utstillingsjuryar og som medstiftar av Kunstnerforbundet.

Kvam bygdemuseum vart skipa i 1912, med Øystese ungdomslag som ansvarleg. I 1917 overtok ein samskipnad med vedtekter for museet. Den gang var det registrert rundt 2000 gjenstandsnummer i samlinga. Frå 1960 fekk museet årlege statsløyvingar. Kvam herad kjøpte Storeteigen i 1965, og der er det i dag eit friluftsmuseum med sju hus.

Samlinga er sett saman av verktøy, husgeråd og møblar som vart nytta av bønder og handverkarar i den aktuelle tida. I eit dokument frå museumsnemnda i 1972 står det at dei ynskjer at heradet får overført samlinga av gjenstandar til Hardanger folkemuseum på Utne. Gjenstandane er no fordelt mellom utstilling i stovene, eit eksternt lager på Bjørketeigen i Øystese og Hardanger folkemuseum på Utne. Dei fleste er registrerte i Primus.

Det kjem ikkje fram i tilgjengelege dokument om samlinga har blitt utvida sidan 1917. Det er heller ikkje registrert at gjenstandar har vorte avhenda.

For Voss folkemuseum sin del tok samlinga til i 1890-åra, då Voss sokneselskap samla inn gjenstandar som vart stilte ut i Finnesloftet. VFV vart skipa i 1917, og gjekk då i gang med eiga samling. Museet overtok samlinga frå Finnesloftet midt i 1920-åra. Dei fleste gjenstandane vart lagra i husa på Mølstertunet. Samlinga vart utvida då museet tok over Nesheimstunet i 1970 og Oppheim gamle prestegard i 1976.

Samlingsbygget ved VFV stod ferdig i 1985, med eit stort magasin i fyrstehøgda. Dei neste åra ser det ut til at museet takka ja til alt dei fekk tilbod om, slik at magasinet vart rimeleg

raskt fullt opp. Samlinga er i hovudsak sett saman av gjenstandar frå den gamle bondekulturen. Der fint òg nokre gjenstandar frå fyrste halvdel av 1900-talet og ein del bøker. Dei siste åra har det vore to store tilvekstar. I 2014 kjøpte museet fotoarkivet til Herheim foto, som inneheld bilete frå 55 000 fotooppdrag. To år seinare overtok museet Dagestadmuseet, der det er store samlingar etter treskjeraren og skulemannen Magnus Dagestad.

### Granvin bygdemuseum

I Granvin bygdemuseum finn ein seks bygningar kring eit tun. Desse husar fleire samlingar og utstillingar. M.a. er det ei botanisk samling etter Johan Havaas. Museet vart skipa på 1930-talet og bygningane flytt til Eide på 1980-talet. Det eldste bygget er Holvenstova – ei storstove frå 1700-talet.

## 2.2 Materiell kulturarv

Hardanger og Voss museum rår altså over store samlingar. Ingen andre museum i fylket har større fotosamlingar enn oss. Tabellen under viser kor stor gjenstandssamlinga vår er i dag. Tala er dels henta frå den årlege museumsstatistikken, dels er det det høgaste registrerte gjenstandsnummeret ved kvar avdeling. Nokre tal er estimerte.

Me veit at tala ikkje er heilt presise. I dag er regelen at kvar gjenstand skal ha sitt eige nummer. Viss ein gjenstand har fleire delar, får delane det same gjenstandsnummeret + bokstavane a, b, c, osv. Tidlegare var det ikkje uvanleg at ulike gjenstandar frå éin gjevvar fekk same nummer + a, b, c, etc. Me veit òg at nokre av gjenstandane er borte vekk i dag, av ulike grunnar. Det reelle talet på gjenstandar er høgare enn tala under.

Tabellen er oppdatert 1.12.2021.

	Gjenstandar	Fotografi	Fartøy	Arkiv (hyllemeter)
Agatunet	953	712		
Granvin	3469	20		
HFS	545		25	
HFU	23595	27000	15	
Ingebrigt Vik	141			
Kabuso	2			
Kvam	2500			
VFV	21156	66872		25
<b>HVM totalt</b>	<b>52361</b>	<b>94604</b>	<b>40</b>	<b>25</b>

Dokumentasjonssenteret ved HFS har dette innhaldet:

Foto: 207868 filer  
 Video: 1346 filer  
 Lyd: 408 filer  
 Dokument 3488

## 2.3 Immateriell kulturarv

Museum har tradisjonelt arbeidd mest med den materielle kulturarven. Dei siste tiåra har mange museum arbeidd systematisk med å også ta vare på den immaterielle kulturarven, og i 2003

utforma UNESCO ein konvensjon om dette emnet. Der vert immateriell kulturarv definert slik: «Språk, utøvende kunst, sosiale skikker, tradisjonelle håndverksferdigheter, ritualer, kunnskap og ferdigheter knyttet til naturen er eksempler på immateriell kulturarv.»

Det handlar altså mellom anna om å halda tradisjonelle handverk levande, og å dokumentera desse. Dei to formene for kulturarv er avhengige av kvarandre, og kan utfylla kvarande. Me vert stadig minna på at utøving av handverka gjev oss auka kunnskap om, og formidlingsevne rundt, dei fysiske gjenstandane og kulturminna. Dei som arbeider med tradisjonelle handverk skapar oftast noko handfast.

Hovudområde innanfor den handlingsborne kunnskapen er istandsetjing av båtar, småbåtbygging, reipslaging, smedarbeid, drift av oppgangssag, seglskutedrift, bruk av robåt, hardingfelespeling, hardingfelebygging, tekstilhandverk, og tradisjonshandverk knytt til bygningar. Under kvar av desse er det ei mengd av arbeidsområde og teknikkar.

Fleire område kunne vore nemnde her, til dømes innan mattradisjonar.

HVM er i startgropa når det gjeld dokumentasjon av handlingsbore kunnskap. Me ser at det er behov for å dokumentera tradisjonelle handverksteknikkar gjennom film, då dette er det mediet som best synleggjer arbeidsprosessar, bruk av kropp og verktøy. Me har publisert nokre videoar på Internett, og ser at desse filmane også har stor interesse for eksterne.

Ved HFU og VFV er det samla mange privatarkiv. Det største arkivet, Hardanger Folkemusikksamling ved HFU, er eit regionalt folkemusikkarkiv som inneheld om lag 7000 enkeltkutt med folkemusikkopptak, filmopptak med dans og spel frå Hardanger, notesamling av vokal og hardingfele, m.a. Hardingfeleverket, pathefon- og grammofonplater med folkemusikk. Samlinga er eigd av HFU, Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag og Hordaland Ungdomslag. Museet har tilsett folkemusikkarkivar i 40 % stilling. Digitalisering har vore prioritert dei siste åra, så heile samlinga er digitalisert. Arkivaren arbeidar no med å leggja alle digitaliserte filar inn i Fiol.

## 2.4 Praktisk samlingsarbeid

### 2.4.1 Innsamling generelt

Samlingsarbeidet er altså meir enn noko anna det som gjer eit museum til eit museum, og denne delen av museumsarbeidet burde vore prioritert høgare i HVM. Berre éin tilsett ved museet har samlingsarbeid som hovudoppgåve. Ved dei andre avdelingane vert dette arbeidet gjort av tilsette som har andre hovudoppgåver. Innsamling, inntak og synfaringar må gjerast når det passar for gjevarar/seljarar/tradisjonsberar, men arbeidet med registrering og plassering legg me gjerne til desember og januar, ei tid då besøket ved musea er lågt.

Lista for å ta inn gjenstandar i samlinga ligg i dag langt høgare enn tidlegare. Ein av grunnane til at mange museum slit med fulle gjenstandsmagasin er at det lenge var viktig å få så store samlingar som råd.

I planen skil me mellom materiell og immateriell kulturarv, men dei to områda heng sjølvsagt tett saman. Innsamling av immateriell kulturarv knytt til kunnskapsområda våre må verta prioritert i planperioden. Dette vil gje oss større formidlingskraft og auka kunnskap om dei fysiske gjenstandane me tek vare på.

På nettstaden samlingsnett.no står det at ein må sjå innsamlingspolitikken til musea i samband med prioritering, avhending og destruksjon. Alt heng saman.

Innsamlingsarbeidet ved HVM har vore styrt avdelingsvis. Det har ikkje vore gjort mykje for å sjå samlingane våre under eitt, slik at samlingane på Hardanger folkemuseum, Kvam bygdetun og Voss folkemuseum i stor grad dekkjer det same feltet. Når me kjem så langt at me kan gå i gang med prioritering, kan det vera ynskjeleg å sjå desse samlingane under eitt. Det vil likevel vera med på å gjera det arbeidet endå meir krevjande, all den tid samlingane er knytte til ulike geografiske område.

Me har lenge vore restriktive med tanke på kva me tek inn i samlinga. Me bør leggja lista endå høgare. I den ferske stortingsmeldinga *Musea i samfunnet. Ting, tillit, tid* (St. meld 23, 2021) står det at dei ti siste åra har norske museum teke inn 138 000 gjenstandar og 4,6 millionar foto som *ikkje* var i tråd med innsamlingsplanane. Det kan skuldast at mange museum ikkje har innsamlingsplanar, men det kan òg skuldast at det ikkje vert teke nok omsyn til innsamlingsplanane. Ole Marius Hylland skreiv ein rapport om samlingsarbeidet ved musea i 2013, der han såg på tilveksten over ein femårsperiode. Kwart år i den perioden auka samlingane med 1,6 %, og med den utviklinga vil talet på gjenstandar doblast dei neste førti åra. Musea har avgrensa ressursar og fulle magasin, slik at veksten ikkje kan halda fram.

Me må altså verta strengare, men me kan ikkje innføra ein total inntaksstopp. Av og til vil me få tilbod om gjenstandar det er uråd å seia nei til. Det kan vera snakk om unike kunstverk, det kan vera snakk om gjenstandar knytt til kjende personar, det kan vera gjenstandar knytt til spesielle hendingar, det kan vera snakk om spesielt flotte gjenstandar, osb. Me bør likevel innføra inntakskomitear ved kvar avdeling. Desse komiteane bør møtast ein gong i året, for å utveksla røynsler.

I 2015 vart det laga ein samlingsplan for musea i Hordaland. I eit tilleggsnotat til den planen kom ei arbeidsgruppe, sett saman av tilsette frå musea med regionalt ansvar, med framlegg til ei tematisk ansvarsfordeling mellom musea. Samlingane ved musea er relativt like, og det vil vera dårleg bruk av ressursar å halda fram på dette viset. Tanken var at kvart museum tok ansvar for nokre gjenstandskategoriar. Viss eit museum fekk tilbod om ein gjenstand, kunne gjevaren sendast vidare til det museet i fylket som hadde ansvar for akkurat dette feltet. Musea skulle likevel stå fritt til å ta mot desse gjenstandane, dersom det var grunnar som talte for det.

I denne planen fekk HVM hovudansvar for moderne jordbruk, tur- og friluftsliv, sport, turisme og folkemusikk. På seinare møte i arbeidsgruppa fekk me òg ansvar for vidaregåande skular og fruktdyrking.

Tanken bak denne inndelinga er god, men har ikkje fungert i praksis. I dei seks åra som har gått har me ikkje fått telefon eller e-post frå nokon som har vore sendt vidare frå andre museum. Av og til vert me kontakta av gjevarar som har gjenstandar frå temaområde andre museum har ansvar for, og når me til dømes seier at det er Museumssenteret i Hordaland som har ansvar for tekstilar, får me gjerne til svar at dei ikkje har interesse av å senda gjenstandar ut av bygda.

Hausten 2021 tok arbeidet med ein samlingsplan for Vestland til, og den planen skal vera ferdig hausten 2022. På eit oppstartmøte i november 2021 vart det sagt at det truleg vert ei tematisk inndeling i den nye planen, men at det ikkje er avklart korleis denne fordelinga vert. Våren 2022 må me avklara internt kva område HVM vil ta ansvar for, slik at me kan spela det inn til ho som skriv planen.

Dei fleste gjenstandane i samlingane våre er der av di eksterne har kontakta museet, og sagt at dei har gjenstandar som kan vera av interesse for museet. Nokre gjenstandar er i samlinga

av di museet har kontakta eigarane for å ta over gjenstandane. Desse to innsamlingsformene kallar me passiv og aktiv innsamling.

### 2.4.2 Passiv innsamling

Me får altså ofte spørsmål om me er interesserte i gjenstandar. Det er ein grunnregel at minst to personar skal vurdera om gjenstandar skal takast inn i samlinga. Kvar avdeling må vurdera om dei vil setja ned ein fast inntakskomit , som avgjer om me skal takka ja til tilboda om gjenstandar. Dei som stiller slike spørsmål skal  lts  normalt ikkje f  svar med ein gong, tilbudet skal dr ftast internt.

N r me tek mot gjenstandar, skal det skje i tr d med tilr dingane i det etiske regelverket til ICOM. Me skal til d mes kjenna proveniens til gjenstandane, b de for   kjenna forhistoria deira, men  g for   vera sikker p  at dette er noko gjevaren/seljaren har skaffa seg p  lovleg vis.

N r me vurderer tilbod om gjenstandar legg me vekt p  desse kriteria:

- \* Me skal f ra ein restriktiv innsamlingspolitikk. Magasina v re er fulle, og det er ikkje noko poeng i   ta inn gjenstandar me alt har mange av.
- \* Gjenstanden m  ha vore laga eller brukt lokalt. Unntaket er fart yvern og lettb tar, der me kan ta mot gjenstandar fr  heile landet.
- \* Gjenstanden m  vera av akseptabel kvalitet. Me kan ta inn gjenstandar som har d rleg kvalitet, men d  m  det vera noko anna som gjer gjenstanden spesiell.
- \* Spesiell historie knytt til gjenstanden,  lts  at gjenstanden er knytt til ein spesiell person eller ei spesiell hending.
- \* Viss me har mange av den same typen gjenstandar, skal det mykje til at me tek inn fleire.
- \* I *Samlingsplan for musea i Hordaland* (2015) har  lts  arbeidsgruppa eit framlegg om at HVM skal prioritera emneomr da moderne jordbruk, sport og friluftsliv, folkemusikk, fruktdyrking, og vidareg ande skular. Me skal ikkje avgrensa oss til desse, og ogs  andre museum kan ta vare p  gjenstandar fr  desse omr da. Den komande samlingsplanen for Vestland kan sj  annleis p  dette.

### 2.4.3 Aktiv innsamling

Her g r me  lts  meir m lretta inn for   tetta hol i samlinga v r. Kort tid etter skipinga av VFV etterlyste til d mes museet kopiar av eldre lokalaviser; i dag kan det vera aktuelt for museet   etterlysa gjenstandar knytt til ekstremспорт.

Kriteria vert dei same som over. Emneomr da fr  samlingsplanen for Hordaland er greie retningslinjer for kva slags felt me aktivt tek inn, men me avgrensar oss ikkje til dei emna. N r verksemdar vert lagt ned, n r hus vert rivne, eller ved andre h ve, kan me kontakta eigarane for   sikra oss gjenstandar som kan vera verdfulle for oss. Ogs  emnet for utstillingar me lagar kan vera med p    styra innsamlinga v r.

N r det gjeld innsamling av immateriell kunnskap er det viktig at me skaffar oss godt oversyn over tradisjonsberarar innan fagfelte me prioriterer. D  kan me aktivt arbeida med   l ra fr  dei som kjenner tradisjonen best.

### 2.4.4 B ker

Eit museum skal ha mange b ker. Biblioteka eller boksamlingane v re er viktige ressursar, b de for tilsette og bes kande. Gjennom  ra har det vore praksis at alle b ker museet f r eller kj per  g f r museumsnummer. Det er uheldig, mest av di det er strenge reglar for korleis

museumsgjenstandar skal handsamast. Dei fleste bøkene våre skal kunna lesast, det skal vera råd å ta kopiar på ei kopimaskin, men det kan me ikkje gjera med museumsgjenstandar.

Bøker som kjem inn i boksamlingane våre skal difor ikkje registrerast med museumsnummer. Dei skal stemplast, slik at det kjem fram at bøkene er våre, men dei skal brukast som vanlege bibliotekbøker.

Unntaka er gamle bøker, eller bøker som er verdfulle grunna eigarskap eller spesielle hendingar. Desse får museumsnummer, og skal handsamast strengare.

## 2.5 Registrering av gjenstandar

Ein gjenstand er ein del av samlinga vår frå det tidspunktet me tek mot han. Det har ingenting å seia om gjenstanden har fått samlingsnummer, eller om han er plassert på magasin eller lager – har me teke mot gjenstanden, skal han handterast på lik line med andre museumsgjenstandar.

Ved kvar avdeling må det vera sett av eit område der ny tilvekst til samlingane skal plasserast. Når me tek mot ein eller fleire gjenstandar skal det fyllast ut eit inntaksskjema, der all informasjon skal vera med, inkludert namn og kontaktinformasjon på gjevar/seljar. Ein kopi av dette skal følgja gjenstanden fram til han er plassert i magasinet.

Alle gjenstandar skal få samlingsnummer. Desse nummer opnar med ein museumssignatur, før sjølve nummeret kjem. Tilvekst som kjem inn ved ei av avdelingane får museumssignatur og nummer som høyrer til den avdelinga. Ved nokre avdelingar kan det finnast undergrupper under museumssignaturen.

**AGA:** Agatunet

**BG:** Bernhard Greve samlingar, Skredhaugen

**BUM:** Bu museum

**GHB:** Granvin bygdemuseum

**HFS:** Hardanger fartøyvernsenter

**HFU:** Hardanger folkemuseum

**HFU-F:** Hardanger folkemuseum, fotosamlinga

**KBM:** Kvam bygdemuseum

**KBM.B:** Borgstova i Vikøy

**MD:** Magnus Dagestadmuseet

**IVM:** Ingebrigt Vik museum

**IVM.F:** Ingebrigt Vik museum foto

**VFV:** Voss folkemuseum

**VFV-B:** Antikvariske bygg ved Voss folkemuseum

**VFV-F:** Voss folkemuseum, fotosamlinga

**VFV-G:** Voss folkemuseum, Gjøstein foto-samlinga

**VFV-H:** Voss folkemuseum: Herheim foto-samlinga

**[LGK:** Lars og Gudrun Kjønnagards stiftelse. Denne samlinga har eigentleg ikkje HVM noko med. Stiftinga, som held til på Vossestrand, kontakta Voss folkemuseum seint i 1990-åra, og spurde om gjenstandane deira kunne registrerast i WinRegimus (seinare Primus) via museet. Det vart gjort, og der ligg registreringane framleis. Me nemner difor også denne museumssignaturen

her, slik at dei som måtte søkja på våre registreringar i Primus forstår kva det er for noko. Det er registrert 1162 gjenstandar (medrekna foto) som høyrer til stiftinga.]

Gjenstandar og kulturhistoriske fotografi vert registrerte i Primus. Frå 2018 tek me i bruk Fotoweb for registrering av dokumentasjonsfoto. Folkemusikkarkivet på Utne vert registrert i Fiol. Dei andre arkiva våre er så langt ikkje registrerte digitalt, men når me kjem så langt bruker me programmet Asta. Registreringsarbeidet tek tid. I nokre høve er det gjort enkle, uferdige registreringar, men oversynet under viser kor langt me har kome. Her reknar me berre med ferdige registreringar, altså registreringar som inkluderer foto av gjenstanden. Ferdige registreringar vert publiserte på [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Tala er oppdatert 1.1.2021.

Registrerte gjenstandar, Primus	35980 (69 %)
Foto, Primus	25290 (27 %)
Arkiv, Asta	0
Arkiv, Fiol	370 spoleband (80 %)
Fartøy	0

Når me registrerer fartøy vert det laga egne sluttrapportar for fartøya me restaurerer. Arbeidet vert utført av fartøyvernkonsulentane. Rapportane er tufta på innleiande befaringskostnadsoverslag, restaureringsplan og eventuell fredningsrapport frå Riksantikvaren. Undervegs i restaureringa vert det teke foto og laga teikningar. Me har òg teke i bruk fotogrammetri i dokumentasjonsarbeidet.

## 2.6 Magasin

Gjenstandsmagasina ved HVM er ikkje på det nivået dei burde vera. Ved HFU og VFV er der romslege magasin, men også ved desse avdelingane er gjenstandar lagra i dårleg eigna lokale. Mange gjenstandar er til dømes lagra i antikvariske bygningar utan elektrisk straum, slik at innklimaet er det same som uteklimaet.

I samarbeid med tilsette frå MuHo gjekk nye-magasinet på HFU gjennom ein ReOrg-prosess. Det vil seia at innreiinga vart endra, magasinet vart ryddigare og plassen vart betre utnytta.

Det er heller ikkje gunstig at på VFV er magasinet gjennomgang mellom verkstad og kontor, eller at eit hjørne av magasinet vert brukt til lager for butikk. Ideelt sett burde ikkje magasinet fått besøk av andre enn dei som skulle arbeida med gjenstandane.

HVM tok nyleg over Kulturnaustet i Norheimsund. Delar av bygget er gjort om til lager for delar av fartøy og småbåtsamlinga. Det er laga egne hyllesystem for gjenstandar og krybber i fleire høgder for småbåtane. Gjenstandssamlinga ved fartøyvernsenteret er lagra i loftet på Sjøhuset. Dette huset er ikkje isolert, og her er ikkje klimakontroll.

Ved begge dei to folkemusea leiger ein òg magasinplass frå andre. Behovet vart større i 2017, i samband med arbeidet med ny basisutstilling ved VFV. Den nye utstillinga har eit anna innhald enn den førre, slik at langt færre gjenstandar vart stilte ut.

I planperioden skal det ryddast i magasinane, slik at plassen kan utnyttast betre.

### 2.6.1 Rutinar i magasin

Korleis gjenstandar i magasin skal handsamast går me ikkje inn på her. Der finst grundige rettleiingar om dette i hefte gjevne ut av Norsk Museumsutvikling eller ABM-utvikling, til dømes i Vigdis Vingelgaard, Tanja Røskar og Espen Hernes: *Ta vare på gjenstandene* (1998), som kan lesast på nettsida til Nasjonalbiblioteket:

<http://www.nb.no/nbsok/nb/66a7a50492227141f63f1809a198ca0b?lang=no#0>

Alle i HVM som arbeider med gjenstandar skal gjera seg kjend med dette heftet.

### 2.6.2 Fellesmagasin fylket

Ved Museumssenteret i Hordaland i Salhus er det eit fellesmagasin. Alle musea i fylket kan senda gjenstandar dit. Dette er det beste magasinet i fylket, og gjenstandar som er lagra der har det godt. Gjenstandar som skal dit skal ha ERNI-status (ERNI = eineståande regional/nasjonale interesse vurdert ut frå gjenstanden sin kunst- og/eller kulturhistoriske verdi). Dette har ikkje vore praktisert, MuHo har ikkje hatt mynde til å overprøva vurderingar som er gjort ved musea. Det vert det truleg ei endringa på, også for å sikra at dei ikkje får for mange av éin og same gjenstandstypen.

Kvart år vert musea bedne om å melda inn flyttdatoar. HVM har ikkje levert ofte, og har heller ikkje levert store flyttelass.

Hordaland fylket arbeider med planar for eit nytt og større fellesmagasin. Det er ikkje bestemt kvar det skal byggjast, men det skal vera maksimalt åtte minutt frå døgnbemanna brannstasjon. Magasinet i Salhus er ikkje heilt fullt, men dei vil helst ikkje ha fleire større gjenstandar. Det vil ta nokre år før eit fellesmagasin er ferdig.

## 2.7 Konserveringsarbeid

Når me tek ein gjenstand inn i samlinga har me i prinsippet forplikta oss til å ta vare på gjenstanden til evig tid. Gjenstandane må altså ha jamleg tilsyn, slik at skader vert identifiserte. Dette er særskilt viktig for gjenstandar som er utstilt, men ein må også ha oversyn over gjenstandar som er på magasin.

Eit stort trugsmål mot gjenstandane er skadedyr. I november 2016 heldt tilsette frå MuHo eit kurs i IPM (Integrated Pest Management). Kurset vart halde på Voss folkemuseum, for tilsette i HVM, og der var mellom anna ein gjennomgang av ulike område ved museet, der nokre risikoområde vart identifiserte. IPM er ein grei måte å redusera skadane skadedyr kan påføra samlingane til museet, og vert innført som ein del av samlingsarbeidet ved heile HVM.

Gjenstandar kan også skadast på anna vis. Ved ein lekkasje kan det koma vasskader, ved ein brann kan det verta røykskader. I 2014 vart det sett ned ei felles beredskapsgruppe for alle musea i Hordaland, der medlemmane forpliktar seg til å hjelpa institusjonar som har kome opp i eit uføre.

## 2.8 Prioritering i samlingane

Ei viktig oppgåve i samlingsarbeid ved norske museum er prioritering i samlingane. Mange museum har fulle magasin, og det gjer det uråd med systematisk innsamling av gjenstandar frå 1900-talet og samtida vår. Å ta gjenstandar ut av samlingar er ein nødvendig, men smertefull prosess. Det vil frigjera plass, men det er viktig at dette vert gjort på gjennomtenkt vis. Alt arbeid rundt slike prosessar må dokumenterast og grunngjevast. Det er òg viktig å tenkja gjennom



konsekvensane av at ein avhendar gjenstandar. Dei som opp gjennom åra har gjeve gjenstandar til museum reknar med at gjenstanden vert ein varig del av museumssamlinga. Viss nokon som bed om å få sjå ein gjenstand frå si eiga slekt får høyra at museet no har avhenda den gjenstanden, vil aldri museet få fleire gjenstandar frå den slekta.

I Hardanger og Voss museum er me ikkje komne langt nok med registreringa til at me kan ta til med prioritering av samlingane i planperioden.